

Årsmelding for 2013 for Bjørnevatn løypelag

Bjørnevatn løypelag sitt føremål er stadfesta i vedtekene §3. Løypelaget skal drifte løypenettet i Bjørnevassområdet. Det betyr at ein skal skaffe eller leige utstyr, eller leige tenester til slikt føremål. Løypelaget leiger løypemaskin frå Valle idrottslag, og leigar inn Torleiv Løyland til å køyre opp løyper med denne maskina. Tor D. Lunden blir og leigd inn til å køyre opp løype på Bakkebu med snøskuter når det trengs.

Jfr. Vedtektene §3 har løypelaget eit ikkje-økonomisk føremål. Laget skal ikkje drive næringsverksemd, og heller ikkje utbetale utbytte til medlemne. Eventuelt overskot skal avsettast til framtidige investeringar og drift. Løypelaget sin økonomi har balansert omkring null det siste året.

I 2013 har vi hatt følgjande styremedlemmer:

- Grunneigarrepresentant frå Gardane(Brokka/Lunden) - Tor D. Lunden
- Grunneigarrepresentant frå Flateland - Ånund H. Flateland
- Grunneigarrepresentant frå Rygnestad - Tor Gunnar Hovet
- Valle IL sin representant – Knut Erik Paulsen
- Representant frå hyttevelforeining – Torstein Salvesen
- Representant frå hyttevelforeining – Oddvar Omdal

Knut Erik Paulsen har vært leiar i løypelaget.

Det har vært 2 styremøter i 2013. Hovudsaker har vært løypekøyring og økonomi.

Økonomien i løypelaget er avhengig av tilskot frå Valle kommune, innbetaling av løypeavgift frå skiløparar og andre reklameinntekter. Valle kommune yter om lag 75.000kr i tilskot. I 2013 var det 201 løypeavgifter som vart innbetala. Dette vi godt nøgd med. Økonomien balanserar omkring null med det driftsnivået vi har i dag, og det er vi nøgde med.

Valle, 25. februar 2014

Styret i Bjørnevatn løypelag